



# Bygland kommune



## Vedtekter for bruk og forvaltning av kraftfond

### Vedteke dokument

Kommunestyret PS 101/20, den 21.12.2020

## § 1 Kraftfond - heimel, kapital og avkastning

### a. Fondskapitalen er:

Næringsfond (beløp i kroner):

Konsesjon	Beløp
Otteraaens Brugseierforening	1.000.000
Sira-Kvina (Sira-Kvina Kraftselskap)	30.000
Hekni kraftverk (Agder Energi AS)	1.000.000
Overføring av deler av Heisvassdraget til Hovatn (Otteraaens Brugseierforening)	500.000
Byglandsfjordkonsesjonen	15.250.000
<b>Samla fondskapital</b>	<b>17.780.000</b>

### b. Avkastning er:

1) Årlege konsesjonsavgifter som vert innbetalt av:

- Sira-Kvina Kraftselskap
- Statkraft Energi AS
- Hydro Vigelands Brug AS
- Otra Kraft DA
- Agder Energi AS

I 2017 var konsesjonsavgiftene på kr 2.893.801. Beløpa står fast inntil NVE gjer vedtak om omfordeling eller ny taksering.

2) Renter og anna avkastning av fondskapitalen gitt ved kongeleg resolusjon.

Alle konsesjonsavgifter, renter og annen avkastning skal takast til inntekt for kraftfondet og må disponerast i samsvar med vedtektene. Fondskapitalen kan ikkje brukast til lån eller tilskot.

Avkastninga kan nyttast til tilskot og til vilkårsbundne lån. Dette er også bekrefte under pkt. 3.2.9 i St. prp. nr. 73 (2001-2002).

## § 2 Formål

Næringsfondet skal fortrinnsvis nyttast til næringsformål, som for eksempel bedriftsstøtte, tilrettelegging for næringsutvikling i regi av kommunen, samfunnsutvikling, ulike typar utviklingsarbeid med meir. Fondet kan også nyttast til kommunale investeringar i varige driftsmiddel.

Det kan ikkje gjevast støtte til sanering av gjeld eller til laupande drift av kommunen, bortsett frå renter og avdrag på investeringar som er gjort i tråd med fondet sitt formål. Unntak er også lønning av næringssjef, næringskonsulent eller tilsvarande for forvaltning av fondet.

Det kan ikkje gjevast støtte til bedrifter for å dekkje avdrag og renter på lån eller laupande drift, og det bør heller ikkje gjevast støtte til verksemder som mottek betydelege overføringar over statsbudsjettet.

## § 3 Støtteformer

Støtte kan gjevast i form av lån og tilskot. Vidare vil det kunne stillast garanti for kommunale tiltak i den grad slike er gyldige garantiformål jf. kommunelova § 51, i samsvar med departementet sine forskrifter om høve til å stille kommunal garanti.

I tillegg kan det frå avkastninga gjevast tilskot samt vilkårsbundne lån. Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private bedrifter. Dersom det vert teikna kommunale aksjar, kan ikkje dette utgjere meir

enn 30 % av aksjekapitalen i bedrifta. Denne avgrensinga gjeld ikkje utviklingsselskap, utleigebygg o.l. som kommunen etablerer i samarbeid med private interessentar.

#### **§ 4 Forholdet til internasjonale forpliktingar på statsstøtteområdet**

Bruken av fondet må vere i samsvar med dei internasjonale regelverk Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet. (Sjå EØS-avtalens regelverk for offentlig støtte, EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende nr. 32 av 3. september 1994 med seinare tillegg og endringar).

#### **§ 5 Forvaltning og organisering**

Formannskapet er fondsstyre og den administrative næringsgruppa vert sett saman av kommunedirektøren. Hensikta med gruppa er å sikre eit systematisk nærings- og utviklingsarbeid som er godt koordinert og forankra internt. Eventuelle framtidige omorganiseringar av næringsgruppa vert delegert til kommunedirektøren. Det er delegert avgjerdsmynde frå fondsstyret til administrasjonen innanfor ei gitt fullmaktsgrense på kr 100.000. Slik mynde kan ikkje gå ut over dei avgrensingar som følgjer av gjeldande lover og reglar, samt dei kommunale og fylkeskommunale budsjett- og regnskapsforskrifter.

Fondsmidlane vert plassert på renteberande konto slik at midlane er disponible til ein kvar tid. Renter og avdrag skal tilbakeførast til fondet. Annan plassering av midlane kan berre gjerast dersom dette ikkje er til hinder for at midlane kan disponerast til ein kvar tid.

Retten til å klage følger av forvaltningsloven.

#### **§ 6 Årsmelding og rapporteringsplikt**

Det skal leggjast fram ei melding om fondet si verksemd for kommunestyret kvart år. Dette vil vere ein integrert del av kommunen si årsmelding og rekneskap.

#### **§ 7 Godkjenning av vedtekter**

Vedtektene kan endrast etter vedtak av kommunestyret.